

NYHETS BREV

**For medlemsverksemdar i Finnøy
Næringsforening**

Desember 2011

I dette nyhetsbrevet kan du blant anna lese om følgjande :

Møte med styret i Rennesøy Næringsforum

Næringsareal på Ladstein

Breiband

Aktuelle saker til årsmøtet 2011

Ny-registreringar

Styret/ ymse



Møte med styret i Rennesøy Næringsforum

Styret i Finnøy Næringsforening inviterte styret i Rennesøy Næringsforum til eit møte med gjensidig informasjons-, og erfaringsutveksling i november d.å. Rennesøy Næringsforum er ei relativt ny foreining med oppstart i 2009. Om lag 75 verksemdar i Rennesøy er medlem. Som Finnøy Næringsforening, jobbar næringsforumet med saker som angår næringslivet.

Møtet var fruktbart. Begge leiarane presenterte jobbesakar for styra. På Rennesøy har næringsforumet den siste tida blant anna vore svært aktive i utarbeiding av ny strategisk næringsplan for Rennesøy kommune. Planen, som no skal til politisk handsaming i Rennesøy, har med arbeidet næringsforumet har gjennomført, fått rotfeste blant det lokale næringslivet.

På møtet med næringsforumet deltok også banksjef Geir Saupstad som er sjef for Sparebank 1 SR-Bank både i Rennesøy og Finnøy. Han lytta og ga tilbakemelding at det var interessant å delta på møtet, bli betre kjent med arbeidet som blir gjort i begge foreiningane.

Dagleg leiar i Ryfylke Næringshage er no sekretær for begge foreiningane. Dette etter oppstart av næringshageavdelinga på Rennesøy.

Næringsareal på Ladstein.

Styret vil takke alle verksemdene som stilte opp i samband med forhandlingane tidlegare denne hausten om kjøp av «plata» på Ladstein.

Ein har no sagt i eit brev frå styret at me kan vera med på å utforme reglar og organisering for bruk av arealet om det er ynskjeleg, sett frå eigaren si side.

Breiband

Telenor er no i gong med utbygging av breiband i heile kommunen. På einskilte plassar er arbeidet godt i gang og verksemdar og privatpersonar kan allereie skaffe seg utstyret som trengs og bestille abonnement.

Utfordringa vidare er no å ta tak i mobildekninga rundt i kring. Her må det berre jobbast vidare.



Styret: Trond Spanne (leiar), Siv Flesjå (nestleiar), Anders Rødne, Kjetil Dalaker, Jørn Flesjå, Frode Hesby (1. vara) og Christoffer Østhus (2. vara). Sekretær: Heidi Skifjell i Finnøy Næringshage. Kommunen sin repr.: Henrik Halleland

Årsmøte 2011- innspel til tema

Frå januar 2012 vil styret starte arbeidet med planlegging av årsmøte i mars månad.

Styret inviterer i samband med årsmøtet medlemmane til eit aktuelt tema det vert sett fokus på. Dei siste to åra har vi sett fokus på samferdsel og Finnøy etter Finnfast. No ønskjer vi innspel på kva for tema som kan vere aktuelt å setje fokus på til dette årsmøtet. Kom gjerne med forslag til føredragshaldar og.

Ny-registreringar

Det er per 1. desember registrert 35 nye verksemdar for 2011 i Brønnøysundregistrene. Av desse er 16 enkeltpersonsføretak (ENK) og 14 aksjeselskap (AS)

Neste styremøte

Neste styremøte er sett til tysdag 17. januar. Har du sakar du vil at styret skal drøfte, ta kontakt med ein i styret.

Ymse

Styreleiar kjem til å delta både på fagkonferanse og avslutninga av «Det norske måltid» i Stavanger 10. desember.

Smaken av Ryfylke som næringsforeininga har vore med og støtta med både pengar og deltaking i styringsgruppa er no avslutta. I januar 2012 vil lokale matprodusentar frå Ryfylke bli invitert til stiftingsmøte av nytt selskap med mat frå Ryfylke.

Styret vil så få takke for samarbeidet i 2011, ønske alle medlemmer ei riktig god jul.

Vi ser så fram imot eit godt samarbeid også i året som kjem.



Helsing

Styret